

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Gaular kommune

Utval: Kontrollutval - Gaular kommune
Møtedato: 05.12.2013
Møtetid: 10.00
Stad: Møterommet
Møtenr.: 5/2013

Innkalling: Faste medlem i utvalet. Rådmann i sak 032/13.

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlem (vert innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 57612785 / 97170064 eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

30/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
31/13 Skriv og meldingar
32/13 Orientering – prosedyrar ved mellombelse og deltidstilsetting.
33/13 Oppfølgingsliste 5-2013.
34/13 Eventuelt.

Det vert servert juletallerken på Sande Kro kl 12.

Sande i Sunnfjord 22.11.2013

Aud Lunde (s)
-leiar-


Audhild Ragni Vie Alme
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	95139762 vø 57612786vø 57612785 arva 97170064 arva	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

030/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2013

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	05.12.2013	030/13	-	Ja

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

031/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2013.

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	05.12.2013	031/13	-	Ja

Saksvedlegg

SM 18-13: Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Gaular kommune, datert 18.11.2013.

SM 19-13: E-post datert 11.11.2013 til Knut Henning Grepstd, der det er avtalt foredrag i kontrollutvalet i Gaular 14. januar 2014.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

SM 18/13

Sakshandsamar: Tore Sønnesyn
Telefon: 57643011
E-post: fmsftso@fylkesmannen.no

Vår dato
18.11.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2013/954 - 350
Dykkar referanse

Gaular kommune
Vadheimsvegen 15
6973 Sande i Sunnfjord

Rapport frå tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Gaular kommune

1. Bakgrunn for tilsynet

Føremålet med tilsynet var å kontrollere om kommunen etterlever lov- og forskriftskrav om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29, og § 10 i forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt.

2. Hovudinntrykk

Kommunen viste god forståing for problemstillingane som vart drøfta under tilsynet. Den har ein overordna beredskapsplan, og har planar om å starte arbeidet med å lage ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse. Kommunen er med i eit samarbeidsprosjekt med andre kommunar i Sunnfjord, der dei skal utarbeide heilskaplege ROS-analysar. Prosjektet skal etter planen vere ferdig sommaren 2014. Beredskapsplanverket og ROS-analysen dei har i dag tilfredsstillar ikkje krava i sivilbelyttelseslova og forskrifta.

3. Resultat frå tilsynet

3.1. Definisjonar

Avvik: Brot på krav i lov eller i forskrift.

Merknad: Funn det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av beredskapsplikta.

3.2. Avvik

Følgjande avvik vart avdekka under tilsynet:

Avvik nr. 1: Kommunen manglar ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2).

Utdiupande kommentar:

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Kommunen har ein ROS-analyse som er nokre år gamal. Analysen tilfredsstiller ikkje krava som vert stilt til ein heilskapleg ROS-analyse, fordi den mellom anna manglar:

- Analysar av korleis klimaendringar kan påverke framtidige risiko- og sårbarheitsforhold
- Skildring av risiko og sårbarheit som kan ha betydning for kommunen, sjølv om det ligg utanfor kommunen sitt geografiske område
- Skildring av korleis kommunen skal følgje opp ROS-analysen

Avvik nr. 2: Kravet til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid (jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3) er ikkje tilfredsstilt.

Utdjupande kommentar:

ROS-analysen skal vere grunnlaget for å utarbeide langsiktige mål, strategiar, prioriteringar eller plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Samstundes må kommunen vurdere om det er forhold i den heilskaplege ROS-analysen som bør integrerast i planar og prosessar etter plan- og bygningslova.

Avvik nr. 3: Kravet til ein overordna beredskapsplan (jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4) er ikkje tilfredsstilt.

Utdjupande kommentar:

Kommunen har ein beredskapsplanen, samt eit notat som heiter «Plan for kriseleiing». Dei to planane skildrar mellom anna ulikt kven som er leiar av kriseleiinga. I planen vert det og vist til dokument som ikkje er utarbeida. Kommunen har ein plan for krisekommunikasjon med befolkninga. Den manglar likevel ein omtale av korleis innbyggjarane raskt kan varslast i tilfelle det er nødvendig for å førebyggje eller avgrense skade, jf. § 4d i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Trongen for varsling må baserast på den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen.

Avvik nr. 4: Kravet til oppdatering/revisjon av kommunens beredskapsplan (jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 6) er ikkje tilfredsstilt.

Utdjupande kommentar:

I planen er det på fleire plassar feil på namn og feil telefonnummer. I tillegg er det fleire plassar i planverket tydeleg at det er nokre år sidan kommunen sist oppdaterte heile planverket.

3.3. Merknad

Merknad nr. 1:

Kravet til øvingar og opplæring (jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7). Kommunen må vere tydlegare på å skriftleggjere rutine for øvingar, samt for korleis dei skal sikre at alle som er tiltenkt ei rolle i kommunens kriseleiing får naudsynt opplæring.

Merknad nr. 2:

Kravet til evaluering etter øvingar og ønskje hendingar (jf. forskrift om kommunal

beredskapsplikt § 8). Kommunen har evaluert øvingar og uønskte hendingar, men manglar skriftlege rutinar for dette.

4. Dokument

Følgjande dokument vart brukt under tilsynet:

- Kriseplan
- Plan for kriseleiinga
- Smittevernplan
- Pandemiplan
- Beredskapsplan vatn
- Risikoanalyse
- Plan for kriseteam

Eline Orheim
Rådgjevar

Tore Sønnesyn
Rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

SH 19/13

Fra: Øvrebø Vidar
Sendt: 11. november 2013 13:04
Til: Alme Audhild Ragni Vie
Emne: VS: Foredrag i kontrollutvalet i Gaular den 14. januar 2014

Fra: Øvrebø Vidar
Sendt: 8. november 2013 15:52
Til: 'Knut.Henning.Grepstad@sfj.no'
Emne: Foredrag i kontrollutvalet i Gaular den 14. januar 2014

Hei

Viser til telefonsamtale onsdag om føredrag i kontrollutvalet i Gaular den 14. januar 2014.

Slik eg oppfattar kontrollutvalet, er det er kontrollutvalet sin funksjon generelt dei ynskjer å høyre meir om.

Tema som kan vere aktuelle er:

- Kontrollutvalet si rolle.
- Historikk.
- Lovverk.
- Kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver.
 - Forvaltningsrevisjon
 - Selskapskontroll
 - Val av revisjonsordning

Dette er berre innspel til tema som du kan komme innom, du står elles heilt fritt.

Når det gjeld tidsbruk står du også fritt til å bruke den tida som du treng.

Med helsing

Vidar Øvrebø
Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 95139762
vidar.ovrebo@sekom.no

SEKOM Sekretariat
Hafstadvegen 42
P.O. Box 338
6802 Førde
Tlf 57 61 27 86

032/13 ORIENTERING – PROSEDYRAR VED MELLOMBELSE OG DELTIDSTILSETTING

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Almet. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2013

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	05.12.2013	032/13	-	Ja

Saksvedlegg

E-post datert 05.02.2013 får SEKOM til Gaular kommune: Prosedyrar i Gaular kommune for å oppfylle krav i HTA med omsyn til deltid/mellombels stilling.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Sak 03/13: Orientering – prosedyrar tilsetting i deltid og mellombels tilsetting, handsama i kontrollutvalet 04.02.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Orienteringa frå rådmannen vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

ORIENTERING – PROSEDYRAR VED MELLOMBELSE OG DELTIDSTILSETTING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering frå rådmann om prosedyrar for ved mellombelse og deltidstilsetting.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i § 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.

Kontrollutvalsleiar er ansvarleg for saklista til kontrollutvalsmøta.

Kontrollutvalsleiar kalla rådmannen inn til møtet i kontrollutvalet 04.02.2013 i sak 03/13 for å orientere om kva prosedyrar kommunen har for å følge opp retningslinene for tilsetting i deltid og mellombels tilsetting, Jfr. Hovudtariffavtalen kap. 1, pkt 2.3/aml 14-9 og vedlegg 2 til HTA.

Kontrollutvalet gjorde fylgjande vedtak i sak 03/13 Orientering prosedyrar tilsetting i deltid og mellombels tilsetting:

- *Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.*
- *For oppfølging ber kontrollutvalet om opplysningar om tilsette som ønskjer utvida stillingar, og om arbeid med bruk av alternative arbeidstidsordningar.*

Informasjon om vedtaket vart sendt til Gaular kommune i e-post datert 05.02.2013. Sidan kontrollutvalet ikkje har fått opplysningar som bedt om, vert rådmannen kalla inn til møte 5. desember for å orientere om stoda.

Sekretariatet sine vurderingar:

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 5. februar 2013 10:39
Til: 'Gaular kommune (postmottak@gaular.kommune.no)'
Kopi: Heggebø Svein (svein@bhs-prosjekt.net); Lunde Aud (aud.lunde@gmail.com); Myrmel Karl Kristian (kristian@hjortefot.com); Oppedal Laila (laila.oppedal@konfliktraadet.no); Oppedal Laila (Oppedal@hotmail.com); Tyssekvam Jarl (spar.sunnfjord@ngbutikk.net); Vallestad Terje (terstval@online.no); Viken Lars Egil (legvi@online.no); Aarberg Ivar Johan (ivar.johan.aarberg@eninvest.net)
Emne: Prosedyrar i Gaular kommune for å oppfylle krav i HTA med omsyn til deltid/mellombels stilling

Kontrollutvalet hadde 04.02.2013 oppe sak om prosedyrar i Gaular kommune for å oppfylle krava i HTA med omsyn til deltidstilsett sin rett til å få utvida stilling og mellombels tilsetning. I kontrollutvalssak 003/13 «Orientering – Prosedyrar tilsetning i deltid og mellombels tilsetning» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.
- For oppfølging ber kontrollutvalet om opplysningar om tilsette som ønskjer utvida stillingar, og om arbeid med bruk av alternative arbeidstidsordningar.

Vi ber om tilbakemeldingar i samsvar med vedtaket til kontrollutvalet.

Med helsing

Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariatet

SEKOM-sekretariatet er ein frivillig organisasjon som arbeider for å styrke og utvikle samarbeidet mellom arbeidstakarane og arbeidsgjevarane i kommunane. Sekretariatet er ansvarleg for å gjennomføre kurs og utdanning, og for å gi råd og støtte til arbeidstakarane og arbeidsgjevarane.

e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv

033/13 OPPFØLGINGSLISTE 5-2013

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2013

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	05.12.2013	033/13	-	Ja

Saksvedlegg.
Oppfølgingsliste 5-2013 Gaular.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):
Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:
Oppfølgingsliste 5-2013 vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 5-2013 - GAULAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 22.11.2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista. Saker på siste møte vert ståande til etter neste møte for informasjon.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 5-2013 - Gaular.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.
21/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt; Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune – tingsdokument	19.05.11	Leverast i august 2012, jfr gj f pl frå KRYSS	19.05.11 Vedtak KU: 1. Tinginga for prosjektet ”Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune” vert godkjent. 2. Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. 21.05.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. 18.04.12 Motteke gjennomføringsplan frå KRYSS. 04.09.12 Motteke statusrapport. Sjå sak 27/12
15/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU Teke til vitande. 04.09.12 E-post frå Kryss m status i arb. 05.02.13 e-post til kommunen der ein ber han om å svare på KRYSS sine førespurnader om uttale til rapporten.
26/12 Oppfølging av kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	22.10.12		22.10.12 Tilråding til kommunestyret. 23.10.12 s kst. 12.02.13 vedtak kst sak 008/13. 03.06.13 Jfr revisjonsmelding årsrekneskapen 2012.
27/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	22.10.12		22.10.12 Vedtak KU – - Statusmelding i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune» om at prosjektet er forseinka i høve til prosjektplanen som vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 25.05.2012 vert teken til vitande. - Kontrollutvalet forventar at rapport for prosjektet vert lagt fram til første møte i 2013, som vil bli halde kring 1. februar. 05.02.13 e-post til kommunen der ein ber om svar på KRYSS sine førespurnader om uttale til rapporten.
003/13 Orientering om prosedyrar for deltid/mv tilsetting.	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU - - Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. - For oppfølging ber kontrollutvalet om opplysningar om tilsette som ønskjer utvida stillingar, og om arbeid med bruk av alternative arbeidstidsordningar. 05.02.13 e-post til Gaular kommune.
14/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.	18.03.13		18.03.13 Tilråding til kst. 25.03.13 s. kst.
15/13 Oppfølgingsliste 2-2013.	18.03.13		18.03.13 Vedtak KU: - Kontrollutvalet visert til e-post av 05.02.2013 og ber om status for prosjektet. - Kontrollutvalet minner om at dei ynskjer ein

			eindagskonferanse lokalt for kontrollutval. - Oppfølgingslista vert elles teken til vitande. 25.03.13: E-post til kryss om fv-prosjekt. SM 09-13 25.03.13: Epost med påmin om konferanse SM 11-13. 23.05.13: Epost frå Kryss til Gaular k om fv-prosj SM 10-13.
23/13 Godkjennig av innkalling og sakliste	21.10.2013		Vedtak KU: Kontrollutvalet oppmodar medlemene til å melde frå i god tid ved forfall til møte. Det var elles ikkje merknader til innkalling og sakliste
24/13 Skriv og meldingar	21.10.2013		Vedtak KU: Ad SM 16-13 E-post frå Charles Litsheim i KRYSS-revisjon til kontrollutvalet – Statusrapport Gaular kommune forvaltningsrevisjon, datert 9. oktober 2013. - Kontrollutvalet sitt arbeid vert hindra ved at responstida frå administrasjonen er for lang. - Kontrollutvalet forventar ei snarleg forbetring. - Resten av skriv og meldingar vert teken til vitande. 21.10.13 epost til Gaular kommune
25/13 Opplæring – Handtering av elektronisk utsending av dokument	21.10.2013		Vedtak KU: - Ipad blei levert ut og opplæring gjennomført. Kontrollutvalet ynskjer ei oppfølging ved behov.
26/13 Orientering om konsekvensar av samhandlingsreforma	21.10.2013		- Vedtak KU: Orientering om konsekvensar av samhandlingsreforma vert teken til vitande
27/13 Budsjett 2014 Drift av Kontrollutvalet	21.10.2013		KU si tilåding til kommunestyret: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for ”Drift av kontrollutval”. Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle Kr. 2.500,- Konto 10800 Godtgjersle folkevalde Kr. 45.000,- Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift Kr. 4.000,- Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar Kr. 10.000,- Konto 11959 Kontingentar Kr. 1.500,- Konto 11651 Telefongodtgjersle kr. 2.000,- Diverse kr. 2.000,- Drift av kontrollutvalet Kr. 67.000,- 25.10.2013 Saka sendt til administrasjonen i Gaular kommune for vidare handsaming
28/13 Oppfølgingsliste 4-2013	21.10.2013		Vedtak KU: Oppfølgingsliste 4-2013 vert teke til vitande
29/13 Eventuelt	21.10.2013		Vedtak KU: - Sekretariatet til kontrollutvalet tek kontakt med Knut Henning Grepstad for å høyre om han kan halde eit innlegg / informasjon på omlag 2 timar om kontrollutvalet sin funksjon og oppgåver på neste møte i kontrollutvalet. - Kontrollutvalet har fått opplysningar om at varamedlem Sylvia Brakestad er 50% kommunalt tilsett, dette gjer at ho ikkje er valbar til kontrollutvalet. Kontrollutvalet ber difor kommunestyret om å gjere eit suppleringsval til kontrollutvalet. - Kontrollutvalet vil på neste bestille juletallerken på Sande Kro. 08.11.13 Epost til Knut Henning Grepstad, foredrag 14.1.2014.

Oppdatert 22.11.2013 arva

034/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2013

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	05.12.2013	034/13	-	Ja

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.